

## Stor skaldyr-suksess

17.07.2014



**Ikveld var det nok eit fullt hus hos Systrene Nilsen som hadde skaldyraften. Alt tyder på at sesongen vert ein anda større suksess enn i fjor og dagleg leiar Karoline Neset har svært gode tal å leggja fram. Det er no avvikla 4 skaldyrkveldar og berre den fyrste hadde ikkje fullt hus. Då var det 80 som kom, medan dei 3 torsdagane etterpå har hatt 110 gjestar og fleire er det ikkje plass til.**

- Og vi har hatt lange ventelister alle dei 3 torsdagane, opplysar Karoline, som altså kan sumera opp slik: 410 gjestar har ete skaldyr til no denne sesongen og det er ikkje anna enn oppsiktsvekkjane mange.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen